

Kostnadshopp for bønder: – Minner om -finans- krisa

8 • NYHETER

NATIONEN • MANDAG 7. JUNI 2021

• Jordbruksoppjøret

Kostnadshopp for bønder: – Minner om finans- krisa



Kostnadshopp: Bondeopprørar Ola Berthling Lie-Husby, som driv med ammekyr, oksar og slaktegris i Overhalla i Trøndelag, seier inntektsveksten som er skissert i jordbruksopp

Eksplisjonen i kostnadene til jordbruket minner om åra rundt finanskrisa, ifølgje næringa, som seier ein klausul om kompensasjon er naturleg.

Råvareprisar globalt og kostnader på sentrale innsatsfaktorar i jordbruket gå kraftig opp og trugar med å undergrave inntekts-

veksten som staten skisserer for bønder.

Prisen på nitrogengjødsel ligg an til å auke med over 40 prosent

i Europa, noko som åleine kan gi ei kostnadsbombe på over ein halv milliard kroner for norske bønder om prisoppgangen slår inn med stor kraft her i landet.

– Minner om finanskrisa

Saksordførar for jordbruksoppjøret på Stortinget, Guro Angell Gimse (H), opnar for å legge inn ein klausul om kompensasjon om kostnadsveksten blir stor.

Det blir ønska velkommen av både bondeorganisasjonar, bon-

deopprørarar og fagfolk i næringa.

– Det vil vere heilt naturleg. Når foresetnadene som er lagt til grunn ikkje stemmer, og kostnadene aukar mykje meir enn skissert, så er det heilt naturleg at det blir kompensert for. Det er slik det bør vere, seier Ola Berthling Lie-Husby, som er ein av initiativtakarane bak bondeopprøret.

Han viser til at gjødselkostnadene berre er ein av mange sentrale innsatsfaktorar i jordbruket

som ligg an til å få ein stor prisvekst. Lie-Husby viser til at råvareprisar på bygningsmateriell også har fått ein kraftig oppgang siste tida. Det slår kraftig inn i prisen på nye fjøs, men også på vedlikehald.

– På store gardsbruk er det stadig noko som må haldast ved like, seier han.

Han seier prisen på plast, stål og sprøytemiddel også ligg an til å få ein kraftig oppsving og at maskinar og traktorar har auka kraf-



ogjeret kan bli utradert av kostnadsveksten på ei rekke felt. Foto: Privat

tig i pris. Samla trur Lie-Husby det er langt større risiko for at kostnadene aukar langt meir enn skissert enn det motsette.

– Situasjonen minner mykje om prisauken under finanskrisa. Kanskje er det ikkje like dramatisk som den gong, men kostnadsveksten er den mest dramatiske vi har sett sidan den gong. Vi risikerer også ein renteoppgang. Alt aukar så vanvittig, seier Lie-Husby.

Han er kritisk til at det blir

framstilt som jordbruket får 900 millionar kroner. Det kan like gjerne bli luftpengar meiner han.

– Det blir heilt feil å framstille det som overføringane aukar med 900 millionar kroner når alle kostnader aukar kraftig. Problemet er at det stadig blir lagt inn så forsiktige prognosar. Det fører til at vi sakkar akterut kvart einaste år, seier han.

Lie-Husby viser til at det ofte berre er den generelle konsum-

Fakta

Jordbruksoppgjøret

- Tilbodet på 962 mill. kr i ramme skal ifølgje staten gi 18.700 kr pr. årsverk eller 4,5 prosent i inntektsvekst.

- Kravet var på 48.700 kr per årsverk og 2114 mill. kr i ramme pluss 450 mill. kr ekstra til investeringar.

- Etter to dagar med sonderingar varsla jordbruket at dei ikkje vil gå i forhandlingar. Regjeringa har sendt tilbodet vidare til Stortinget.

- Grunnlagstala viste at inntekta til bønder har stått stille frå 2015 til 2019. Pandemien gav hopp i anslått inntekt for 2020. Samla gav det vel 10.000 kr i snitt per år i auka vederlaget for arbeid og eigenkapital frå 2015 til 2020.

- Bønder har sakka akterut med vel 12.000 kr mot andre grupper frå 2015 til 2021, ifølgje jordbruket.

- Stortinget har vedteke at «inntektsmålet skal være å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. God markeditilpassning og produktivitetsutvikling vil være en forutsetning for inntektsdannelsen».

Fakta

Gjødsel og bondeinntekt

- Norske bønder kjøper kvart år handelsgjødse, såkalla kunstgjødse eller mineralgjødse, for nær 2 mrd. kr.

- Ifølgje Budsjett-nemnda har prisen endra seg lite siste åra. Frå 2019 til 2021 er det budsjettet med ca. 1 prosent prisvekst.

- Til grunn for den skisserte inntektsveksten på 18.700 kr per årsverk til 2022 ligg anslag om 1,8 prosent prisvekst og 0,9 prosent volumnedgang på såkalla «ikke-varige driftsmidlar» der gjødse inngår. Samla er kostnadene knytt til denne kategorien rekna til 22,8 mrd. kr i 2021.

- Store produsentar har varsla prisvekst på nitrogengjødse i Europa, omtalt som startpris, på vel 40 prosent målt mot same tid i fjor.



Gjødselpriser: På eitt år har prisen på nitrogengjødse i Europa auka med vel 40 prosent. Det slår rett inn på botnlinja til norske bønder, som risikerer at store delar av den skisserte inntektsveksten i jordbruksoppgjøret forduftar.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase



– Ansvarleg av Stortinget

«Det vil vere ansvarleg av Stortinget om dei legg inn føringar om tilleggssforhandlingar når situasjonen blir meir avklart»

Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag



– Kraftig kostnadscocktail

«Både råvarepriser og shippingkostnader går opp. Det er ein sterk cocktail»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse

prisindeksen (KPI) som blir lagt til grunn som kostnadsvekst i grunnlagstala for jordbruksoppgjøret, men KPI'en blir ifølgje Lie-Husby dradd ned av billig import av klede frå Kina. Det er det lite av jordbruket.

– Mange av faktorane i jordbruket aukar langt meir i pris. Dermed får vi berre luftpengar, seier Lie-Husby.

– Ansvarleg av Stortinget

Leiar i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes, seier signala om kraftig prisauke på gjødse er noko dei følgjer tett.

– Dette er nye tal som vi har blitt kjent med dei siste dagane, seier Bartnes.

I 2008, då partane i jordbruksoppgjøret blei einige om ein klausulen om justeringsforhandlingar, så var auken i gjødseprisen kjent i god tid før jordbruksoppgjøret ifølgje Bartnes.

– Situasjonen i år er litt annleis, men vi har varsla Stortinget om situasjonen i høyringsbrevet vi har sendt, seier Bartnes.

Han seier det vil vere bra om Stortinget legg inn ein klausul om kompensasjon ved stor kostnadsvekst.

– Vi ser at det er stor risiko for auka gjødseprisar og at andre kostnader som er prega av internasjonale prisar er i stor endring. Dette kan vere ei større sak enn berre gjødse. Det vil vere ansvarleg av Stortinget om dei legg inn føringar om tilleggss-

forhandlingar når situasjonen blir meir avklart, seier Bartnes.

– Sterk cocktail

Daglegleiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug, seier ein klausul om kompensasjon vil vere klokt i ein uoversiktleg situasjon.

– Vi har ein situasjon der både råvarepriser og shippingkostnader går opp. Det er ein sterk cocktail. Ein klausul kan kjøpe tid for ei næring som alt er under sterk press. Det er ikkje urimeleg å tenke i dei baner i år, seier Smedshaug, som seier fleire faktorar minner om situasjonen som oppstod rundt finanskrisa i 2008.

Han seier ein klausul om kompensasjon eller justeringsforhandlingar som i 2008 også vil vere ein måte å kome frustrasjonen frå bondeoppjøret i møte.

– Det er ein måte å kome frustrasjonen og bekymringane i møte og det kan gi KrF ein ekstra push inn mot stortingsvalet, seier Smedshaug.

Han viser elles til at gjødse-kostnadene ifølgje grunnlagstala har auka svært lite i mange år. Frå 2015 til 2021 har gjødse-kostnadene berre auka med rundt fem prosent.

– Og frå 2020 til 2021 er det faktisk rekna inn ein nedgang. Ein kostnadsklausul vil vere å kjøpe seg fleksibilitet i ein usikker situasjon og ta vare på landbruket på ein best mogleg måte, seier han.

Bjarne Bekkeheien Aase

bjarne.aase@nationen.no